



Høyanger, 10.9.03

Kjære veljar!

KAMPEN OM HALL B SKAL VINNAST! RØYST RV!

Tysdag var det paneldebatt i Samfunnshuset. Fagforeiningane på Verket hadde invitert stortingsbenken frå fylket (DNA, H, KrF, SP og SV) og førstekandidatane til RV og FrP for å klarleggje partia si haldning til kravet om at hall B skal byggast.

På den eine sida gjekk som det oftast går; ein ordkrig mellom partia om kven som har gjort mest og minst. På den andre sida; alle partia kunngjorde tydeleg at dei ville gjere kva dei kunne for at Hydro skulle byggje hall B. Det er sjeldan at alle parti i ein slik situasjon, er så konkrete. I slike situasjonar er partia oftast meir ullne; ”vi forstår dykk så godt og skal sjå om det kan gjerast noko”.

Alle partia slutta seg til den fellesplattforma som fagforeiningane har utarbeidd. Det betyr at **fylkespartia og stortingsbenken er forplikta** til å kjempe slik fagforeiningane krev. Dei er no vel vitande at dei vert haldne under oppsikt utifrå denne **fellesplattforma**:

- *Norsk Hydro må byggje hall B som erstatning når Søderberg-hall C vert slått av*
- *Eit mikroverk med berre hall A vil ikkje gje god nok økonomisk inntening*
- *Alternative arbeidsplassar må erstatte overtallige ved slik modernisering*
- *Staten må leggje dei nødvendige rammevilkåra til rette for investeringa*
- *Staten må bruke eigarskapen aktivt til å påskunde slike avgjerder.*

Vi vil på kvar vår måte, i kvar våre kanalar og ikkje minst gjennom fellesinitiativ arbeide for at dette blir realisert.

Modernisering av Norsk Hydro sine tre aluminiumsverk i Høyanger, Karmøy og Årdal er eit spørsmål om vi skal ha industri i Norge eller ikkje. Alle prosjekta er så gode at det vil vere ein samfunnsmessig og nasjonal tragedie dersom moderniseringane ikkje blir gjennomførde.

Resultatet av paneldebatten er såleis **ein siger for dei arbeidsmåtane som fagforeiningane på Verket har slått inn på**. I slike pressa situasjonar har fagforeiningar mange andre stader gjort seg små; kome med tilbod om å gå ned i løn og trudd at godsnakk med direktørar skal berge arbeidsplassane.

Fagforeiningane har valt å gjere kampen for arbeidsplassane til ei offentlig sak. I realiteten er det eit **krav om at kapitalkreftene skal styrast av folkefleirtalet gjennom politikarane**. Fagforeiningane gjorde Høyanger si gode sak landskjend på 1. MAI. Fagforeiningane har fått utarbeidd ein rapport som argumenterer mot Norsk Hydro sin manglande vilje til å investere i Hall B. Eit annan hovudkapittel i rapporten er ein flengjande kritikk av korleis Norsk Hydro, etter å ha mjølka det norske samfunnet, no vil fri seg frå den tidlegare samfunnskontrakten. Fagforeiningane har med paneldebatten på tysdag meir eller mindre låst ”det politiske miljøet” i Sogn og Fjordane til å kjempe for hall B.

Høyanger Raud Valallianse (RV) har gjennom sine medlemar og sympatisørar på Verket vore initiativtakar og medhjelpar til mykje av det som har skjedd. Me har valt å arbeide på fagforeiningane sine premissar; kome med våre framlegg til kva som må gjerast og korleis. Nokre framlegg har vunne fram og andre ikkje. RV har valt ikkje å køyre solo fordi vi meiner det er **berre fagforeiningane med sine mange medlemar, og dermed store kraft, som kan føre ei slik sak fram til siger**.

Høyanger Raud Valallianse
v/ Einar Rysjedal
Gunnar S. Gundersen veg 4D
6993 HØYANGER

Tlf. priv.: 57 71 25 90
Tlf. arb.: 57 15 00 00
Mob.tlf.: 99 24 12 76
E.post: gautekaten@c2i.net

RV vel no i valkampinnsputten å bruke kampen for Hall B som døme på korleis RV arbeider. Ikkje berre RV, men også folk flest, har erfart at i viktige saker som kostar noko, kan ein berre stole på politikarane dersom dei er under press. Det er berre dersom folk flest sjølv engasjerer seg for sine krav og eit betre samfunn, at ein vinn fram.

RV si rolle er å

- hjelpe folk til å formulere krava og organisere seg på ein slik måte at sakene vinn fram
- tale folk si sak i dei forsamlingar der vi er representerte
- fremje sakene sjølv om dei skulle lide nederlag i første omgang.

Kommunestyret

RV har vore representert i Høyanger kommunestyre i 20 år (5 valperiodar). RV har skild seg ut fordi vi er det politiske partiet med mest avvikande meiningar og framlegg. I nedskjeringsaker og når siger i andre saker ikkje har stått på spel, har RV røysta mot og/eller hatt egne framlegg. I enkelte saker har RV i rein protest røysta mot.

I kanskje 95 % av sakene har RV røysta saman med "dei andre". Det er saker der eit samla kommunestyre står for noko som er til "det betre" for folk flest og det er saker som er upolitiske og nærmast uinteressante.

RV har vore representert med Einar Rysjedal i 1984-87 og 1988-91, Magnar Wøien i 1992-95 og med oss bae 1996-99 og 1999-2003. Det har vorte vanskelegare å kome inn fordi talet på kommunestyrerepresentantar har vorte redusert; frå 35 representantar i 1983, via 29 til 21 i dag. Berre aukande veljaroppslutning, frå 124 røyster i 1983 til 180 røyster i 1999, har sikra RV i plass i kommunestyret.

Spørsmålet som RV håpar de stiller dykk, er om de framleis ønskjer eit parti i kommunestyret som

- vågar å skilje seg ut og protestere der veljarane har andre interesser og meiningar enn den samfunnsutviklinga og høgrevinden vi no har
- toler å stå åleine med eit nederlag i kommunestyret dersom det er for ei god sak.

De som vil ha eit slikt parti representert, har i realiteten berre eit val; Raud Valallianse.

Fylkestinget

RV var representert i fylkestinget 1988-91. Sia den gongen har vi mangla nok røyster på å kome inn. Dei to siste meningsmålingane her i fylket, den siste i BT/NRK i dag, tyder på at RV kan kome inn. Meningsmålingar er ein ting – val er ofte noko anna. Det kan også RV kome til å oppleve dersom ikkje også de gjev oss dykkar røyst også ved fylkestingsvalet.

Det er like viktig at RV er representert i fylkestinget som i kommunestyret. Røyst difor på RV også ved fylkestingsvalet!

Valreglane

Det er mange som kunne tenkje seg RV i både kommunestyre og fylketing, men som nøyer seg med å føre RV-folk opp på andre parti sine lister. Vi er sjølvsagt takksame for all støtte vi får, men denne måten å støtte RV på har dessverre så godt som ingen effekt. Dersom de vil ha RV representert, så må de difor bruke RV si liste når de røystar.

Godt val!

Med helsing

